

# RAPPORT

## Faunaundersøkingar i vassdrag i Sogn og Fjordane.

Døgnfluger, steinfluger og vårfluger funne i tida  
13.04.2007 - 08.09.2008

*Bjørn Sivertsen, Hugo Mossestad og Torbjørn Stokke*



**R-NR 1/09 AVDELING FOR INGENIØR- OG NATURFAG**



<b>TITTEL</b> Faunaundersøkingar i vassdrag i Sogn og Fjordane. Ephemeroptera, Plecoptera og Trichoptera funne i tidsrommet 13.4.2007 – 8.9.2008	<b>RAPPORTNR.</b> 1/09	<b>DATO</b> 15.05.2009
<b>PROSJEKTTITTEL</b> Faunaundersøkingar i vassdrag i Sogn og Fjordane	<b>TILGJENGE</b> Open	<b>TAL SIDER</b> 165
<b>FORFATTAR</b> Bjørn Sivertsen, Hugo Mossestad og Torbjørn Stokke	<b>PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG</b> Bjørn Sivertsen	
<b>OPPDRAGSGJEVAR</b> HSF/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<b>EMNEORD</b> Ephemeroptera, Plecoptera, Trichoptera, forsuringsindeks, Sogn og Fjordane	
<b>SAMANDRAG</b> I tidsrommet 13.4.2007 – 8.9.2008 er det samla inn individ av insektordenane døgnfluger (Ephemeroptera), steinfluger (Plecoptera), og vårfluger (Trichoptera) frå 131 lokalitetar i Sogn og Fjordane. Delprosjektet <i>Elvar i Sogn</i> omfattar 56 av lokalitetane i elvar med avløp i eller sør for Sognefjorden. Resultata er presenterte stasjonsvis i tabellar og i form av artskart for fylket. I alt er 29690 av individ artsbestemte. 49 arter er identifiserte (14 døgnfluger, 17 steinfluger og 20 vårfluger), av desse er 3 nye for fylket. I delprosjektet <i>Elvar i Sogn</i> er innsamlingsprosedyrar i tråd med NINA og NIVA sine førebelse tilrådingar følgde, og Raddums forsuringsindeksar berekna. Eit fleirtal av elvane (39 av 56) er ut frå desse indeksane klassifiserte som ”gode” eller ”svært gode”, 14 er ”moderate”, 3 er ”dårlege”, ingen er ”svært dårlege”. <b>SUMMARY</b> The report presents the results of samples taken for larvae of Ephemeroptera, Plecoptera and Trichoptera in rivers and lakes in the county of Sogn og Fjordane, between April 2007 and Sept. 2008. A total of 131 locations were visited, and 29690 specimens identified. A total of 49 species were registered; 14 Ephemeroptera, 17 Plecoptera and 20 Trichoptera. Of those were 3 species new to the county. The sampling in 56 of the river locations was conducted in accordance with the suggested procedure estimating the acidification status of the river, and the “Raddum acidification index” determined; the result of which classified 39 (of 56) rivers as “good” or “very good”, 14 as “moderate”, 3 as “bad”, none as “very bad”.		
<b>PRIS</b>  <b>Kr. 000,-</b>	<b>ISSN</b> <b>0806-1688</b>  <b>ISBN</b> <b>978-82-466-0107-6</b>	<b>ANSVARLEG SIGNATUR</b>  Tarald Seldal

## FORORD

Til grunn for dette arbeidet ligg eit ynskje om å auke kunnskapen om ferskvassfaunaen i Sogn og Fjordane.

Resultata vil være av interesse for Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen, mellom anna i samband med EU sitt vassdirektiv. Arbeidet er også av interesse for den nasjonale artsdatabanken.

Takk til

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, for økonomisk stønad til innsamlingane av prøvar.
- John A. Gladsø, Fylkesmannens Miljøvernavdeling, for tips og hjelp vedrørende tidlegare innsamlingar i Sogn og Fjordane.
- Torunn Landås og Arne Johannessen, LFI-Unifob, Universitetet i Bergen, og Gaute Kjærstad, LFI, Universitetet i Trondheim, for hjelp ved artsidentifiseringar og nyttige diskusjonar.
- Kaare Aagaard, Vitenskapsmuseet, Univ. i Trondheim, for inspirerande samtaler.
- Eivind Sønstegaard, HSF, for hjelp til GIS-arbeidet.

Feltarbeid, laboratorearbeid og skrivearbeid er utført av dei tre forfattarane av denne rapporten i fellesskap.

Sogndal, mai 2009

Hugo Mossestad, Bjørn Sivertsen, Torbjørn Stokke

# INNHALD

Forord .....	3
1. Innleiing .....	5
2. Materiale og metodar .....	6
2.1. Stasjonane i delprosjekt <i>Elvar i Sogn</i> .....	9
2.2. Stasjonane som ikkje inngår i delprosjektet <i>Elvar i Sogn</i> .....	9
2.3. Desinfisering .....	9
2.4. Artsbestemming .....	9
2.5. Vassprøvar .....	10
2.6. Handsaming av data .....	10
3. Resultat .....	12
3.1. Kvart vassdrag, registrerte artar .....	12
Grindselva .....	13
Moldeelva .....	13
Midttunelva .....	15
Nordgulelva .....	15
Dingja .....	17
Midttakleelva .....	18
Storelva (Brekke) .....	18
Fjordselva .....	18
Storelva (Indre Oppedal) .....	18
Storelva (Ikjefjord) .....	22
Øystrebøelva (Ikjefjord) .....	22
Bjordalselva .....	24
Sørebøelva .....	24
Nykkjeelva .....	24
Ortnevikselva .....	27
Sleipa .....	28
Framfjordselva .....	28
Feioselva .....	30
Fresvikelva .....	30
Nærøydalselva .....	32
Frondøla .....	33
Flåmselva .....	34
Aurlandselva .....	35
Erdalselva .....	36
Lærdalvassdraget .....	37
Nyseteelva .....	39
Årdalvassdraget .....	40
Seimdsalselva .....	42
Indre Offerdalselva .....	42
Krokadalselva .....	44
Feigedalselva .....	44
Fortunsvassdraget .....	46
Mørkridselva .....	48
Dalselva (Luster) .....	49
Kvernelva .....	50
Jostedøla .....	51
Dalselva (Marifjørelva) .....	52
Kaupangselva .....	53
Årøyvassdraget .....	54
Sogndalvassdraget .....	56
Njøsaelva .....	59
Henjaelva .....	59
Storelv-v.d. (Fjærland) .....	61
Mundalselva .....	64
Jordalselva .....	65
Vetlefjordselva .....	66
Sværeelva .....	67
Ygleelva .....	68
Eseelva .....	69
Daleelva (Lånefjorden) .....	70
Daleelva (Høyanger) .....	71
Hovlandselva .....	72
Ytredalselva .....	72
Dyrneslivassdraget .....	74
Lølandselva .....	75
Guddalvassdraget .....	76
Gjølangervassdraget .....	76
Gaularvassdraget .....	77
Jølstravassdraget .....	79
Nausta .....	81
(Storvatnet i Florø) .....	82
Oselvassdraget .....	82
Gjengedalselva .....	84
Hopsvassdraget .....	84
Breimsvassdraget .....	86
Oldenvassdraget .....	88
Loenvassdraget .....	88
Strynevassdraget .....	90
Hornindalvassdraget .....	91
3.2. Kvar art, forekomst i fylket .....	93
3.2.1. Ephemeroptera .....	93
3.2.2. Plecoptera .....	107
3.2.3. Trichoptera .....	130
4. Vurdering av innsamlingsmetodikken .....	152
5. Sluttord .....	159
6. Litteratur .....	160
7. Indeks over stasjonar .....	163
Vedlegg : Kjemiske data .....	166

## 1. INNLEIING

Det primære mål med dette arbeidet er å oppdatere kunnskap om faunaen av døgnfluger (Ephemeroptera), steinfluger (Plecoptera) og vårfluger (Trichoptera) i Sogn og Fjordane. Kunnskap om faunaen har ein eigenverdi, men er òg viktig basiskunnskap i forvaltningssamanheng.

Eit sekundært mål er å etablere eit grunnlag for å klassifisere vassførekomstar etter deira "økologiske status". Ved EU sitt vassdirektiv frå 2000, og tilhøyrande vassforskrift, forpliktar Noreg seg til m.a. å kartleggja "økologisk status" for alle vassførekomstar over ein viss storleik, og å arbeide for å tilbakeføre vassførekomsten til tilnærma naturleg tilstand når det gjeld m.a. forureining. Forskrifta vart innlemma i EØS-avtalen i januar 2008.


Delprosjektet "Elvar i Sogn" siktar mot begge målsetningane.

Arbeidet med å presisere omgrepet "Økologisk status" er i gang, både i Noreg og elles i Europa. I Noreg er den vitenskaplege delen av dette eit samarbeid mellom NIVA, NINA, LFI, m.fl. (Lyche Solheim 2009). Dei vonar å vera ferdig med dette klassifiseringssystemet i 2010. Eit problem er at dei naturgitte forholda er så ulike frå landsdel til landsdel. Når det gjeld forsuring av vassdrag, er ein samd om at "Raddums forsuringssindeks" (Fjellheim & Raddum 1990) er veileigna for vestnorske elvar (Bækken & Aaness 1990). (Meir om dette i metode-kapitlet, s11). I Sogn og Fjordane er forsura vassdrag eit meir aktuelt tema enn t.d. eutrofierte vassdrag. Vi valde difor å konsentrere oss om å samla inn det som er aktuelt for m.m. berekning av Raddums forsuringssindeksar, dvs. dei såkalla EPT-artane (EPT : **E**phemeroptera = Døgnfluger, **P**lecoptera = Steinfluger, **T**richoptera = Vårfluger).

Feltarbeidet er utført i tidsromma 13.april - 27.august 2007 og 1.april - 8. september 2008.

## 2. MATERIALE OG METODAR

Materialet er henta frå 131 lokalitetar i Sogn og Fjordane fylke - 81 elvar og 75 innsjøar/vatn. 56 av lokalitetane inngår i delprosjektet *Elvar i Sogn*. Alle desse lokalitetane er i elv. Dei resterande 75 er frå andre stader i fylket, med 50 lokalitetar i innsjøar og mindre vatn, og 25 i elvar. Figur 2.1 viser innsamlingsstadane. Lokalitetane som inngår i delprosjektet *Elvar i Sogn* er markert på kartet med ein mørkeblå sirkel. Stasjonar i andre elvar er markert med ein lyseblå åttekant. Stasjonar i innsjø/vatn er markert med ein grøn firkant.



Figur. 2.1. Undersøkte lokalitetar.

Til saman er det teke 269 ”prov”. (Eit prov er alt materiale som er samla på ein stasjon til eit bestemt tidspunkt.) Tabell 2.1 viser prova.

Tabell 2.1. Oversyn over undersøkte vassdrag, lokalitetar og datoar for innsamling.

Vassdrag	Lokalitet	Dato det er teke prov			
	Storevatn, Florø	17.05.2008			
Aurlandsvassdraget	Lunde	23.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	19.08.2008
Bjordalselva	Bjordal	05.06.2007			
Breimsvassdraget	Bolsetvatnet	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Breimsvatn ved Reed	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Førde	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Gloppelva, Eidsfossen	22.05.2008			
Breimsvassdraget	Sandalsvatnet	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Skeivatnet	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Storelva	21.05.2008			
Breimsvassdraget	Våtedalselva	21.05.2008			
Daleelva	Fundo	07.06.2007	03.04.2008	18.08.2008	
Daleelva (Lånefjord)	Låne	07.06.2007	26.08.2007		
Dalselva (Luster)	Dalsdalen	13.04.2007	16.07.2007	14.08.2008	
Dalselva (Marifjøraelva)	Bru til Svingo	17.06.2008			
Dingjassdraget	Dingjaosen	04.06.2007	25.08.2007	01.04.2008	
Dyrneslivassdraget	Heldalsvatnet	15.05.2008			
Dyrneslivassdraget	Markaula	15.05.2008			
Erdalselva	Erdal	22.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	20.08.2008
Eseelva	Ese	08.06.2007	20.07.2007	03.04.2008	18.08.2008
Feigdalselva	Feigo	21.05.2007	16.07.2007	10.04.2008	14.08.2008
Feioselva	Feios	23.05.2007	19.07.2007	03.04.2008	19.08.2008
Fjordselva	Risnesfjorden	04.06.2007	24.08.2007	02.04.2008	
Flåmselva	Flåm	23.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	19.08.2008
Fortunsvassdraget	Eidsvatnet	17.06.2008			
Fortunsvassdraget	Fortunselva, Skjolden	21.05.2007			
Fortunsvassdraget	Hervavatnet	17.06.2008			
Fortunsvassdraget	Nedste Gjuvvatnet	17.06.2008			
Fortunsvassdraget	Skålavatnet	17.06.2008			
Fortunsvassdraget	Turtagrø	17.06.2008			
Fortunsvassdraget	Vassbakken	21.05.2007	16.07.2007	10.04.2008	14.08.2008
Framfjordvassdraget	Framfjord	23.05.2007	19.07.2007	03.04.2008	19.08.2008
Fresvikelva	Fresvik	23.05.2007	19.07.2007	03.04.2008	19.08.2008
Fronløla	Undredal	23.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	19.08.2008
Gaularvassdraget	Eldalselva, Langestølen	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Gaularelva, Sande	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Haukedalsvatnet, Røyrvik/Hårklau	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Haukedalsvatnet, Øvrebotn	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Hestadfjorden	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Holsavatnet, Fletene	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Holsavatnet, nedre del	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Langelandsvatnet	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Lauvatnet	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Myrvatnet	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Skilbreivatnet	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Tuftene, Øyna	19.05.2008			
Gaularvassdraget	Viksdalsvatnet	19.05.2008			
Gjengedalsvassdraget	Gjengedalselva, Hyen	22.05.2008			
Gjølangervassdraget	Tyssevatn	15.05.2008			
Grindselva	Nedanfor Grindsvatn	04.06.2007	25.08.2007	02.04.2008	
Guddalsvassdraget	Hovlandsvatnet, Espenes	15.05.2008			
Guddalsvassdraget	Tjønn ved Dyngsøyra	15.05.2008			
Henjaelv	Hermannsverk	08.06.2007	20.07.2007	07.04.2008	08.09.2008
Hopsvassdraget	Hopselva, over Svofossen	22.05.2008			
Hopsvassdraget	Skilbreidvatnet	22.05.2008			
Horningdalsvassdraget	Eidselva, Hjelle	21.05.2008			
Horningdalsvassdraget	Horningdalsvatnet, nedre del	21.05.2008			
Horningdalsvassdraget	Horningdalsvatnet, Rognnes	21.05.2008			
Hovlandselva	Vadheim	07.06.2007	02.04.2008	18.08.2008	
Indre Offerdalselv	Saga	22.05.2007			
Jorrdalselva	Jordal	19.05.2007	17.07.2007		
Jostedøla	Gaupne	13.04.2007	16.07.2007	14.08.2008	
Jølstravassdraget	Bru i Angedalen	13.05.2008			
Jølstravassdraget	Jølstervatnet, Sanddalskrysset	13.05.2008			



Jølstravassdraget	Jølstervatnet, Vassenden	13.05.2008			
Jølstravassdraget	Jølstra, Eikåskrysset	13.05.2008			
Jølstravassdraget	Kjøsnesfjorden, Kjøsnes bru	13.05.2008			
Jølstravassdraget	Movatnet	13.05.2008			
Kaupangerelva	Kaupanger	08.06.2007	20.07.2007	07.04.2008	20.08.2008
Krokadalselva	Kroken	21.05.2007	16.07.2007	10.04.2008	14.08.2008
Kvernelva	Gaupne	21.05.2007	16.07.2007	10.04.2008	14.08.2008
Loenvassdraget	Loelva, Prakeringsplass for Skåla	21.05.2008			
Loenvassdraget	Lovatn	21.05.2008			
Lærdalvassdraget	Molde	22.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	20.08.2008
Lærdalvassdraget	Øvre Smedalsvatn	17.06.2008			
Lølandselva	Leirvik	07.06.2007	25.08.2007	02.04.2008	
Midt Takleelva	Midt-Takle	04.06.2007	24.08.2007	02.04.2008	
Midttunelva	Eivindvik	04.06.2007	25.08.2007	02.04.2008	
Moldeelva	Dalsøyra	04.06.2007	25.08.2007	02.04.2008	
Mundalselvi	Dalen	17.07.2007	08.09.2008		
Mundalselvi	Øyna	19.05.2007	08.04.2008		
Mørkridselvi	Skjolden	21.05.2007	16.07.2007	10.04.2008	14.08.2008
Nausta	Florøkrysset	13.05.2008			
Nivla	Mo	22.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	20.08.2008
Njøsaelva	Hermannsverk	08.06.2007	20.07.2007	07.04.2008	
Nordgulelva	Nordgulen	04.06.2007	25.08.2007	02.04.2008	
Nykkjeelva	Øystrebø	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Nysetelva	Naddvik	22.05.2007	27.08.2007	07.04.2008	
Nærøydalselva	Skjerpi	23.05.2007	19.07.2007	04.04.2008	19.08.2008
Oldenvassdraget	Floen, Løken	21.05.2008			
Oldenvassdraget	Midtre Oldevatn	21.05.2008			
Oldenvassdraget	Oldeelva, Løken	21.05.2008			
Oldenvassdraget	Øvre Oldevatn	21.05.2008			
Ortnevikselva	Ortnevik	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Oselvassdraget	Eimhjellevatnet	22.05.2008			
Oselvassdraget	Krokstadvatn	22.05.2008			
Oselvassdraget	Lykkjebøvatn	22.05.2008			
Oselvassdraget	Storebru	13.05.2008			
Oselvassdraget	Svardalsvatn	13.05.2008			
Oselvassdraget	Svarthumlevatnet	13.05.2008			
Seimsdalelva	Seimsdal	22.05.2007	27.08.2007	07.04.2008	
Sleipa	Arnafjord	23.05.2007	19.07.2007	03.04.2008	19.08.2008
Sogndalvassdraget	Dalavatnet	22.05.2008			
Sogndalvassdraget	Hollekve	19.05.2007	17.07.2007	08.04.2008	14.08.2008
Sogndalvassdraget	Røysi	13.04.2007	17.07.2007	14.08.2008	
Sogndalvassdraget	Selseng	19.05.2007	17.07.2007	08.04.2008	14.08.2008
Storelva (Brekke)	Brekke	04.06.2007	24.08.2007	02.04.2008	
Storelva (Ikjefjord)	Ikjefjord	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Storelva (Indre Oppedal)	Indre Oppedal	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Storelvi (Fjærland)	Bøyaelva	19.05.2007	17.07.2007	08.04.2008	08.09.2008
Storelvi (Fjærland)	Horpedalselvi	19.05.2007	17.07.2007	08.04.2008	08.09.2008
Storelvi (Fjærland)	Supphellelvi	19.05.2007	17.07.2007	08.04.2008	08.09.2008
Strynevassdraget	Stryneelva, Gjørven	21.05.2008			
Strynevassdraget	Strynsvatnet, ved utløp	21.05.2008			
Sværeelva	Sværefjord	08.06.2007	20.07.2007	03.04.2008	18.08.2008
Sørebøelva	Sørebø	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Vetlefjordselvi	Vetlefjord	08.06.2007	20.07.2007	03.04.2008	18.08.2008
Ygleelvi	Esebotn	07.06.2007	20.07.2007	03.04.2008	18.08.2008
Ytredalvassdraget	Ykslandsvatnet	15.05.2008			
Ytredalvassdraget	Ytredalselva, Vadheim	07.06.2007	26.08.2007	02.04.2008	18.08.2008
Øystrebøelva	Ikjefjord	05.06.2007	24.08.2007	01.04.2008	
Årdalvassdraget	Fardalselva, Farnes	22.05.2007	27.08.2007	07.04.2008	
Årdalvassdraget	Holsbruvatnet	17.06.2008			
Årdalvassdraget	Nedre Biskopvatn	17.06.2008			
Årdalvassdraget	Tangen	22.05.2007			
Årdalvassdraget	Torølmen	17.06.2008			
Årdalvassdraget	Utlå, Nedstraums Hjelle	22.05.2007	27.08.2007	07.04.2008	
Årøyvassdraget	Hafslovatnet, Lyngmo	22.05.2008			
Årøyvassdraget	Hafslovatnet, Moane	22.05.2008			
Årøyvassdraget	Straumane	17.06.2008			
Årøyvassdraget	Årøy	13.04.2007	17.06.2008	14.08.2008	

## **2.1 Stasjonane i delprosjekt *Elvar i Sogn***

er lagde til elvar i dei større vassdraga med avløp til Sognefjorden, pluss 4 vassdrag med avløp sør for Sognefjorden. Stasjonane er lagde til stader med lett tilkomst, eigna substrat for bruk av vasshåv og kort avstand til utløp til fjord. I nokre av vassdraga har vi valt å ha fleire enn ein stasjon, nr. to er då lengre oppe i vassdraget. Ein del elvar ligg nødvendigvis i sterk skrånande lende og er då strie med storsteina elveleie. Slike elvar er ugreie å sample med vasshåv. Materialet på stasjonane er samla inn etter rutinar som tilrådd av Bongard & Aagaard (2006). Det er teke prøvar frå stasjonane på 3-4 ulike tidspunkt i perioden april-september. Vi har så langt råd prøvd å unngå å sample i sterkt veksande elv og ved stor vassføring.

Kvar gong er det teke 8 roteprøver (1,2,..8), 1 plukkprøve (9) og 1 landprøve (10). Desse ti prøvane (1,2,..10) vert i rapporten omtala som eit *prov*. Til saman er det teke 194 *prov* i delprosjekt *Elvar i Sogn*. Dyra er plukka ut i felt og konservert i etanol. Der det har vore rikelege mengder dyr har vi ikkje teke med alle.

Roteprøvane er gjort med vasshåv i 1 minutt pr. prøve.

Plukkprøvane er gjort for hand med reiskapane dørslag, pinsett og kvit plastbakke. Det er leita aktivt etter stader der alloktont materiale har kilt seg mellom steinar. Det er lagt vekt på å ha relativt lite materiale i dørslag og bakke. Prosessen er gjenteke varierende tal gonger. Tidsbruken til plukkprøven har gjennomgåande vore noko meir enn ein roteprøve. Ved stor vassføring og iblant elles er det ikkje teke plukkprøve. I alt er det teke 145 plukkprøvar i delprosjekt *Elvar i Sogn*.

Landprøven er gjort med slagghåv i vegetasjonen langs elvekanten i ca 50 m lengd, for å få vaksne insekt, til støtte for artsbestemminga. Regnvêr og jamt dårleg fangst gjorde at vi tidvis sløyfa denne prøven. Iblant tok vi i staden ein bankeprøve på tre og buskar, dvs vi la ein kvit plastduk under tre og kjerr og banka med ein stokk og rista ned insekt frå vegetasjonen.

Elveleiet er taksert skjønsmessig med omsyn til mosedekke og botnmateriale. Det er også teke foto av stasjonane.

## **2.2 Stasjonane som ikkje inngår i delprosjektet *Elvar i Sogn***

På dei resterande 75 stasjonane har vi med få unntak teke berre eitt prov der vasshåv, dørslag, slagghåv og bankemetode har vore nytta i varierende grad. Dyra er plukka ut i felt og konservert i etanol.

Tabell 1. Oversyn over undersøkte vassdrag med lokalitetar og prøvedatoar.

## **2.3 Desinfisering**

Når arbeidet på ein lokalitet var avslutta, vart alt utstyr som hadde vore i kontakt med vatnet dyppa i ei bøtte med konsentrert desinfiseringsmiddel (Virkon S).

## **2.4 Artsbestemming**

Dette arbeidet er utført på laboratorium.

Litteratur til bestemming:

- Plecoptera: Lillehammer (1988), Brink (1949), Brink (1952) og Brittain & Saltveit (1996).
- Ephemeroptera: Arnekleiv (1995), Engblom (1996), og Elliott et al.(1988).
- Trichoptera: Edington & Hildrew (1995), Wallace et al. (2003), Solem & Gullefors (1996), Lepneva (1970) og Lepneva (1971).

## 2.5 Vassprøvar


I 55 av elvane langs Sognefjorden vart det teke vassprøvar (ein prøve i kvar elv), på same tid som vi tok første faunainnsamling. Vassprøvene vart sende til M-lab i Stavanger for analyse, på oppdrag frå Fylkesmannen i S&F, som og bestemte kva for parametrar som skulle målast. Resultata er gjevne i vedleggstabell, men vert ikkje kommenterte i denne rapporten.

## 2.6 Handsaming av data

Det er utvikla eit elektronisk arkiv i Access. Figur 2.2 viser tabellane, felte og koplingane mellom tabellane.

Databasesystemet er bygt opp med utgangspunkt i 11 tabellar med eit nøkkelfelt (i tabellane kalla \*ID) i kvar tabell. Data frå feljournal, labjournal, NVE Atlas (vassføring, nedbørsareal, VNR NFELT og dei fleste namna på vassdrag og innsjøar) og ymse andre kjelder er lagt inn i tabellane. Med utgangspunkt i tabellane er det laga inputskjema, rapportar og ei rad spørjingar. Data er eksportert til Excel, manipulert og importert til Access, til ArcGIS og til Word.

Karta er utvikla i ArcGIS og eksportert som JPG-fil. Nedslagsfelt og etikettar er påført karta i eit bilethandsamingsprogram.



Figur 2.2 Tabellar, felt og koplingar i Access.

### Raddums forsursindeksar

Vi presenterar begge versjonane av Raddums forsursindeks (forkorta til R1 og R2).

Når det gjeld R2, har vi i - tråd med praksis dei seinaste åra ([www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)) - presentert sjølve den utrekna verdien (ikkje sett den lik 1 viss den utrekna verdien var  $> 1$ , slik det opphavleg var gjort (Raddum 1999)).

Dette for å kunne skilja betre mellom status "God" og "Svært god".

I innsjøar er Raddums indeksar ueigna, fordi dei mest kjenslevare artane *naturleg* ikkje er så talrike der; mange av innsjølokalitetane ville fått  $R = 0$ , sjølv om dei openbart er friske, nesten upåverka innsjøar ([www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)).

Vi har difor presentert Raddums forsursindeksar berre for elvane.

Når det gjeld klassifisering av lokalitetar/elvar, har vi halde oss til følgjande framlegg frå NIVA / NINA / LFI ([www.vannportalen.no/enkel](http://www.vannportalen.no/enkel) )

	Raddum 1	Raddum 2
Svært god	1	$> 1$
God	$>0,75 - 1$	$>0,75 - 1$
Moderat	$>0,5 - 0,75$	$>0,5 - 0,75$
Dårlig	$>0,25 - 0,5$	$>0,25 - 0,5$
Svært dårleg	$\leq 0,25$	$\leq 0,25$

### 3. RESULTAT

I alt er 30110 individ bestemt til slekt. Av disse er 29690 bestemt til art, og i alt 14 artar døgnfluger, 17 steinfluger og 20 vårfluger er funne (pluss 4 berre bestemt til slekt). Disse funna er gjort:

Ephemeroptera	Plecoptera	Trichoptera
Ameletus inopinatus	Amphinemura borealis	Agrypnia obsoleta
Baetis fuscatus	Amphinemura standfussi	Apatania muliebris
Baetis muticus	Amphinemura sulcicollis	Chaetopteryx villosa
Baetis niger	Brachyptera risi	Ecclisopteryx dalecarlica *
Baetis rhodani	Capnia pygmaea	Glossosoma intermedium
Baetis subalpinus	Dinocras cephalotes	Halesus digitatus
Centroptilum luteolum *	Diura nanseni	Halesus radiatus
Cloëon sp.	Isoperla grammatica	Hydropsyche pellucidula
Ephemerella aurivilli	Isoperla obscura	Hydropsyche siltalai
Heptagenia dalecarlica	Leuctra fusca	Lepidostoma hirtum
Heptagenia sulphurea	Leuctra hippopus	Limnephilus sp.
Leptophlebia marginata	Leuctra nigra	Micrasema sp.
Leptophlebia vespertina	Nemoura cinerea	Molanna albicans *
Siphonurus aestivalis	Nemurella pictetii	Mystacides azurea
Siphonurus lacustris	Protonemura meyeri	Neureclipsis bimaculata
	Siphonoperla burmeisteri	Philopotamus montanus
	Taeniopteryx nebulosa	Plectrocnemia conspersa
		Polycentropus flavomaculatus
		Potamophylax cingulatus
		Potamophylax latipennis
		Rhyacophila nubila
		Sericostoma personatum
		Wormaldia sp.*

\* Ikkje registrert før i vårt fylke, så vi veit.

#### **3.1. Kvart vassdrag, registrerte artar**



Vi har funne det hensiktsmessig å presentere funna i delprosjekt ”Elvar i Sogn” først, dvs. vassdraga som munnar ut i Sognefjorden; i rekkefølge frå vest mot aust langs sørsida av fjorden og vidare frå aust mot ves langs nordsida av fjorden.

Deretter tek vi for oss vassdrag for vassdrag nordover i fylket.

Lokalitetane er markerte på karta med symbol som omtalt side 6, og lok.namn med svart skrift.

## Kart 1. Nedbørsfelt til Grindselva og Moldeelva



<p><b><u>Grindselva</u></b>                  Nedbørsfelt: Informasjon manglar                  Vassføring: Informasjon manglar</p>	<p><b><u>Moldeelva</u></b> Vassdragsnr. 068.5Z                  Nedbørsfelt: 15,2 km<sup>2</sup>                  Vassføring, gj.snitt i 30 år: 1,7 m<sup>3</sup>/s</p>
	
<p>Lokalitet: <b>Nedanfor Grindsvatn.</b>                  Foto dato 02.04.2008                  Koordinatar, UTM: 29034 675817                  Botnforhold: steinar 0-50 cm, mosedekket ca. 50 %</p>	<p>Lokalitet: <b>Dalsøyra</b>                  Foto dato: 02.04.2008                  Koordinatar, UTM: 29066 676147                  Botnforhold: Faste steinar, mosedekket 0-10 %</p>

### **Grindselva**

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	moderat	lita	sol,
25.08.2007	moderat	moderat/ minkande	overskya, humus, algevekst
02.04.2008	god	stor	sol, stasjonen flytta 50m nedstrøms

### **Moldeelva**

04.06.2007	moderat	lita	sol, algevekst, sleip botn
25.08.2007	moderat	moderat/stor	overskya, humus
02.04.2008	moderat	stor	sol

Tabell 3.1.1. Artar funne i **Grindselva**  
Lokalitet: Nedanfor Grindevatnet

<b>Plecoptera</b>		
Amphinemura sulcicollis		79
Brachyptera risi		106
Isoperla grammatica		8
Leuctra fusca		8
Leuctra hippopus		9
Protonemura meyeri		4
<b>Trichoptera</b>		
Halesus radiatus		4
Hydropsyche siltalai		108
Neureclipsis bimaculata		5
Plectrocnemia conspersa		14
Polycentropus flavomaculatus		4
Rhyacophila nubila		8
Tot. tal individ		357
Tot. tal EPT-taxa		12
Raddums forsuringindeks	R1	0,5


Forsuringstatus: Dårlig  
(men på grensa til Moderat).


Tabell 3.1.2. Artar funne i **Moldeelva**  
Lokalitet: Dalsøyra

<b>Ephemeroptera</b>		
Baëtis rhodani		1
<b>Plecoptera</b>		
Amphinemura borealis		60
Amphinemura sulcicollis		29
Brachyptera risi		59
Isoperla grammatica		2
Leuctra fusca		4
Nemoura cinerea		3
Protonemura meyeri		12
<b>Trichoptera</b>		
Halesus radiatus		1
Hydropsyche siltalai		12
Plectrocnemia conspersa		2
Polycentropus flavomaculatus		7
Rhyacophila nubila		1
Tot. tal individ		193
Tot. tal EPT-taxa		13
Raddums forsuringindeksar	R1	1
	R2	0,51

Forsuringstatus: Moderat.

Kart 2. Nedbørsfeltene til **Midttunelva** og **Nordgulelva**



<p><b>Midttunelva</b> Vassdragsnr. 068.72Z                  Nedbørsfelt: 15,5 km<sup>2</sup>                  Vassføring, gj.snitt i 30 år: 1,6 m<sup>3</sup>/s</p>	<p><b>Nordgulelva</b> Vassdragsnr. 068.7Z                  Nedbørsfelt: 21 km<sup>2</sup>                  Vassføring, gj.snitt i 30 år: 2,6 m<sup>3</sup>/s</p>
	
<p>Lokalitet: <b>Eivindvik</b>                  Dato: 02.04.2008                  Koordinatar, UTM: 28851 676772                  Botnforhold: Mest bart fjell, mose ca.50 %</p>	<p>Lokalitet: <b>Nordgulen</b>                  Dato: 02.04.2008                  Koordinatar, UTM: 29415 677033                  Botnforhold: Store blokker, fast fjell, mose 0-30 %</p>

**Midttunelva**

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	dårleg	lita	sol, varmt, trådforma grønalger
25.08.2007	svært dårleg	stor	overskya, "lammehalar", humusfarga vatn
02.04.2008	dårleg	moderat	lettsky, sol

**Nordgulelva**

04.06.2007	dårleg	lita	sol, varmt, litt algevekst
25.08.2007	dårleg	moderat	overskya
02.04.2008	dårleg	stor	lettsky, sol



Tabell 3.1.3. Artar funne i **Midttunelva**  
Lokalitet: Eivindvik

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	1
Leptophlebia vespertina	1
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	44
Amphinemura sulcicollis	94
Brachyptera risi	105
Isoperla grammatica	7
Leuctra hippopus	3
Nemoura cinerea	4
Nemurella pictetii	1
Protonemura meyeri	5
Siphonoperla burmeisteri	2
<b>Trichoptera</b>	
Halesus radiatus	2
Hydropsyche siltalai	2
Plectrocnemia conspersa	6
Potamophylax cingulatus	4
Rhyacophila nubila	8
Wormaldia sp.	2
Tot. tal individ	291
Tot. tal EPT-taxa	17
Raddums forsuringindeksar	R1 1
	R2 0,51


Forsuringsstatus: Moderat.

Tabell 3.1.4. Artar funne i **Nordgulenelva**  
Lokalitet: Nordgulen

<b>Ephemeroptera</b>	
Leptophlebia vespertina	2
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	61
Amphinemura sulcicollis	57
Isoperla grammatica	45
Leuctra hippopus	4
Protonemura meyeri	2
Taeniopteryx nebulosa	1
<b>Trichoptera</b>	
Hydropsyche siltalai	2
Plectrocnemia conspersa	13
Polycentropus flavomaculatus	2
Rhyacophila nubila	7
Tot. tal individ	196
Tot. tal EPT-taxa	11
Raddums forsuringindeks	R1 0,5

Forsuringsstatus: Dårlig - men på grensa til Moderat.

### Kart 3. Nedbørsfeltet til Dingjavassdraget



#### Dingja

Vassdragsnr. 8.9Z

Nedbørsfelt, areal: 28 km<sup>2</sup>.

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 2,5m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Dingjaosen**

Foto dato: 01.04.2008

Koordinatar, UTM: 28674 677191

Botnforhold: Rullestein 10-50 cm, mose 70-100 %

#### Tabell 3.1.5 Artar funne i **Dingja**

Lokalitet: Dingjaosen

##### **Ephemeroptera**

Baëtis rhodani 43

##### **Plecoptera**

Amphinemura borealis 11

Amphinemura sulcicollis 11

rachyptera risi 116

Isoperla grammatica 24

Leuctra hippopus 2

Protonemura meyeri 15

Taeniopteryx nebulosa 1

##### **Trichoptera**

Apatania muliebris 1

Hydropsyche siltalai 94

Polycentropus flavomaculatus 6

Rhyacophila nubila 106

Tot. tal individ 430

Tot. tal EPT-taxa 12


Raddums forsursingsindeksar R1 1

R2 0,74

Forsuringsstatus: God.

Dato	Prøvetakings forhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	god	lita	sol, botn brun av alger
25.08.2007	moderat	stor, voksande	regnbyer
01.04.2008	moderat	stor, snøsmelting	lett regn

Kart 4. Nedbørsdfelta til Midt-Takleelva, Storelva (Brekke), Fjordselva og Storelva (Indre Oppedal).



**Midt-Takleelva** Vassdragsnr. 069.2Z  
 Nedbørsfelt: 7,3 km<sup>2</sup>  
 Vassføring, gj.snitt i 30 år: 0,9 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: Midt-Takle  
 Foro dato: 02.04.2008  
 Koordinatar: UTM 30438 677115  
 Botnforhold: Svaberg, stein 5-50 cm, mose 0-10 %

Tabell 3.1.6. Artar funne i **Midttakleelva**  
 Lokalitet: Midt-Takle

<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	60
Amphinemura sulcicollis	69
Brachyptera risi	331
Diura nanseni	2
Leuctra fusca	6
Leuctra hippopus	12
Nemoura cinerea	3
Protonemura meyeri	20
Siphonoperla burmeisteri	20
<b>Trichoptera</b>	
Plectrocnemia conspersa	4
Rhyacophila nubila	34
Tot. tal individ	561
Tot. tal EPT-taxa	11
Raddums forsuringindeksar R1	0,5

Forsuringstatus: Dårlig (men på grensa til moderat).

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	god	lita	sol, varmt
24.08.2007	god	moderat	lettskya
02.04.2008	god	moderat	sol

**Storelva (Brekke)** Vassdragsnr. 069.31Z  
Kart 4.

Nedbørsfelt: 17 km<sup>2</sup>  
Vassføring, gj.snitt i 30 år: 2,1m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Brekke**  
Foto dato: 02.04.2008  
Koordinatar: UTM 30830 676959  
Botnforhold: Rullestein 0-50 cm, mosedekket 0-5 %

Tabell 3.1.7. Artar funne i **Storelva, Brekke.**

Lokalitet: Brekke

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	28
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	64
Amphinemura sulcicollis	40
Brachyptera risi	260
Diura nanseni	2
Isoperla grammatica	1
Leuctra fusca	1
Leuctra hippopus	1
Nemoura cinerea	9
Protonemura meyeri	23
Siphonoperla burmeisteri	4
<b>Trichoptera</b>	
Hydropsyche siltalai	1
Plectrocnemia conspersa	3
Polycentropus flavomaculatus	2
Potamophylax sp.	1
Rhyacophila nubila	67
Tot. tal individ	
	507
Tot. tal EPT-taxa	
	16
Raddums forsuringnsindeksar	
R1	1
R2	0,57

Forsuringnsstatus: Moderat.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	god	lita	algevekst, sol, varmt
24.08.2007	svært god	moderat	algevekst, lettskya
02.04.2008	svært god	moderat	sol

**Fjordselva**

Vassdragsnr. 069.3Z.

Kart 4

Nedbørsfelt: 32,4 km<sup>2</sup>Vassføring, gj.snitt i 30 år: 4,3 m<sup>3</sup>/sLokalitet: **Risnesfjorden**

Foto dato. 04.06.2007

Koordinatar: UTM 30978 676636

Botnforhold: Store faste steinar, mosedekket 0 %

Tabell 3.1.8. Artar funne i **Fjordselva**

Lokalitet: Risnesfjorden

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	106
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	31
Amphinemura sulcicollis	37
Brachyptera risi	162
Diura nanseni	2
Leuctra fusca	1
Leuctra hippopus	17
Nemoura cinerea	1
Protonemura meyeri	8
Siphonoperla burmeisteri	3
<b>Trichoptera</b>	
Plectrocnemia conspersa	3
Rhyacophila nubila	15
Tot. tal individ	386
Tot. tal EPT-taxa	12
Raddums forsuringindeksar	R1 1
	R2 0,90

Forsuringstatus: God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
04.06.2007	dårleg	lita	sol, varmt
24.08.2007	dårleg	moderat	lettskya
02.04.2008	svært dårleg	stor/ stigande, snøsmelting	algevekst, sol

**Storelva (Indre Oppedal)** Vassdragsnr. 069.4Z

Kart 4

Nedbørsfelt: 41,6 km<sup>2</sup>Vassføring, gj.snitt i 30 år. 5,0 m<sup>3</sup>/sek.Lokalitet: **Indre Oppedal**

Foto dato: 01.04.2008

Koordinatar: UTM 31418 677348

Botnforhold: rullestein, grus, mosedekket ca. 50 %

Tabell 3.1.9. Artar funne i **Storelva**,  
Lokalitet: Indre Oppedal

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	104
Leptophlebia marginata	1
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	60
Amphinemura sulcicollis	71
Brachyptera risi	222
Diura nanseni	18
Leuctra fusca	1
Leuctra hippopus	3
Protonemura meyeri	18
Siphonoperla burmeisteri	11
Taeniopteryx nebulosa	5
<b>Trichoptera</b>	
Halesus radiatus	3
Plectrocnemia conspersa	2
Polycentropus flavomaculatus	11
Potamophylax cingulatus	7
Potamophylax latipennis	2
Rhyacophila nubila	19
Tot. tal individ	
	558
Tot. tal EPT-taxa	
	17
Raddums forsuringsindeksar	
R1	1
R2	0,75

Forsuringsstatus: Moderat, men på grensa til God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
05.06.2007	svært god	lita	sol, varmt
24.08.2007	svært god	moderat	lettsky
01.04.2008	god	stor, snøsmelting	sol

Kart 5. Nedbørsfeltene til Storelva (Ikjefjord) og Øystrebølva (Ikjefjord)



<p><b>Storelva, Ikjefjord</b> Vassdragsnr. 069.51Z                  Nedbørsfelt: 17 km<sup>2</sup>                  Vassføring, gj.snitt i 30 år: 1,9 m<sup>3</sup>/s</p>	<p><b>Øystrebølva, Ikjefjord</b> Vassdragsnr. 069.5Z                  Nedbørsfelt: 29 km<sup>2</sup>                  Vassføring, gj.snitt i 30 år: 3,1m<sup>3</sup>/s</p>
	
<p>Lokalitet: <b>Ikjefjord</b>                  Foto dato: 01.04.2008                  Koordinatar, UTM: 31934 677396                  Botnforhold: Steinar 10-100 cm, mosedekket ca. 30 %</p>	<p>Lokalitet: <b>Ikjefjord (Øystrebølva)</b>                  Foto dato: 01.04.2008                  Koordinatar, UTM: 32103 67744                  Botnforhold: Grus, rullestein, mosedekket 5-10 %</p>

**Storelva**

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
05.06.2007	moderat	lita	trådforma alger, sol, varmt
24.08.2007	moderat	moderat	lettskya
01.04.2008	moderat	moderat	lett regn

**Øystrebølva**

05.06.2007	god	lita	algevekst, sol, varmt
24.08.2007	svært god	moderat	lettskya
01.04.2008	svært god	moderat	lett regn

Tabell 3.1.10. Artar funne i **Storelva**,  
Ikjefjord Kart 5.  
Lokalitet: Ikjefjord (Ikjen)

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	98
Baëtis subalpinus	4
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	15
Amphinemura sulcicollis	54
Brachyptera risi	378
Diura nanseni	4
Leuctra fusca	6
Leuctra hippopus	2
Nemoura cinerea	2
Protonemura meyeri	55
Siphonoperla burmeisteri	20
<b>Trichoptera</b>	
Halesus radiatus	2
Plectrocnemia conspersa	1
Rhyacophila nubila	36
Tot. tal individ	677
Tot. tal EPT-taxa	14
Raddums forsursingsindeksar R1	1
R2	0,68

Forsuringsstatus: Moderat.


Tabell 3.1.11. Artar funne i **Øystrebølva**  
Lokalitet: Ikjefjord (Øystrebø). Kart 5

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	42
Baëtis subalpinus	3
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	2
Amphinemura standfussi	1
Amphinemura sulcicollis	21
Brachyptera risi	278
Diura nanseni	4
Isoperla grammatica	2
Leuctra fusca	1
Leuctra hippopus	6
Nemoura cinerea	12
Protonemura meyeri	12
Siphonoperla burmeisteri	7
<b>Trichoptera</b>	
Chaetopteryx sp.	1
Plectrocnemia conspersa	1
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	28
Tot. tal individ	422
Tot. tal EPT-taxa	17
Raddums forsursingsindeksar R1	1
R2	0,62

Forsuringsstatus: Moderat.



Kart 6. Nedbørsfelt til Bjordalselva, Sørboelva og Nykkjeelva



**Bjordalselva** Vassdragsnr. 069.72Z  
 Nedbørsfelt: 15 km<sup>2</sup>  
 Vassføring, gj.snitt i 30 år: 1,3m<sup>3</sup>/s

Lokalitet: **Bjordal** (*Bilde manglar*)  
 Koordinatar, UTM: 32898 677543

Ein roteprøve vart teken den 05.06.2007.

Tabell 3.1.12 Artar funne i **Bjordalselva**  
 Lokalitet: Bjordal

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	3
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	9
<b>Trichoptera</b>	
Rhyacophila nubila	2
Tot. tal individ	
	14
Tot. tal EPT-taxa	
	3
Raddums forsuringsindeksar	R1 1
	R2 0,83

Forsuringsstatus: God.

**Sørebølva** Vassdragsnr. 069.8Z. Kart 6Nedbørsfelt: 21,4 km<sup>2</sup>Vassføring, gj.snitt i 30 år: 2,1 m<sup>3</sup>/sLokalitet: **Sørebø**

Foto dato: 01.04.2008

Koordinatar, UTM: 33286 677391

Botnforhold: Rullestein 10-50 cm, mosedekket ca. 50 %

Tabell 3.1.13 Artar funne i **Sørebølva**

Lokalitet: Sørebø

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	56
Baëtis subalpinus	19
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	63
Amphinemura sulcicollis	6
Brachyptera risi	154
Diura nanseni	21
Isoperla grammatica	17
Leuctra fusca	2
Leuctra hippopus	11
Protonemura meyeri	29
<b>Trichoptera</b>	
Apatania sp.	4
Halseus radiatus	1
Plectrocnemia conspersa	2
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	15
Tot. tal individ	
	401
Tot. tal EPT-taxa	
	15
Raddums forsursingsindeksar	
R1	1
R2	0,68

Forsuringsstatus: Moderat.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
05.06.2007	god	moderat	sol, varmt
24.08.2007	god	moderat	lettskya
01.04.2008	god	moderat	lett regn

**Nykkjeelva** Vassdragsnr. 069.8A2Z. Kart 6  
 Nedbørsfelt: 25 km<sup>2</sup>  
 Vassføring, gj.snitt i 30 år: 2,8 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: Øystrebø  
 Foto dato: 01.04.2008  
 Koordinatar, UTM: 33359 677452  
 Botnforhold: blankskurte rullestein 10-80 cm, mose 0 %


Tabell 3.1.14 Artar funne i Nykkjeelva  
 Lokalitet: Øystrebø

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	2
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura standfussi	2
Amphinemura sulcicollis	49
Brachyptera risi	240
Diura nanseni	14
Leuctra fusca	2
Leuctra hippopus	15
Leuctra nigra	2
Nemoura cinerea	2
Protonemura meyeri	12
<b>Trichoptera</b>	
Plectrocnemia conspersa	1
Polycentropus flavomaculatus	1
Rhyacophila nubila	16
Tot. tal individ	
	358
Tot. tal EPT-taxa	
	13
Raddums forsuringindeksar	
R1	1
R2	0,52

Forsuringstatus: Moderat.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
05.06.2007	dårleg	stor, snøsmelting	sol, varmt
24.08.2007	moderat	moderat	lettsky, "lammehalar"
01.04.2008	moderat	moderat	lett regn

## Kart 7. Nedbørsfeltet til Ortnevikselva



### Ortnevikselva

Vassdragsnr. 070.2Z

Nedbørsfelt: 58,5 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 5,2 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Ortnevik**

Foto dato: 01.04.2008

Koordinatar, UTM: 34544 677844

Botnforhold: Rullestein 20-50 cm, mosedekket: 60-80 % i vestre løp(bilde), 0-5% i austre løp

### Tabell 3.1.15 Artar funne i **Ortnevikselva**


Lokalitet: Ortnevik

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	138
Baëtis subalpinus	34
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	25
Amphinemura sulcicollis	81
Brachyptera risi	165
Diura nanseni	9
Leuctra hippopus	6
Leuctra nigra	1
Nemoura cinerea	5
Protonemura meyeri	3
<b>Trichoptera</b>	
Halseus radiatus	4
Plectrocnemia conspersa	1
Potamophylax cingulatus	1
Potamophylax latipennis	2
Rhyacophila nubila	21
Tot. tal individ	
	496
Tot. tal EPT-taxa	
	15
Raddums forsursingsindeksar	
R1	1
R2	0,97

Forsuringsstatus: God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
05.06.2007	moderat/ dårleg	stor, snøsmelting	sol, varmt
24.08.2007	moderat	moderat	gylle påverka? lettskya
01.04.2008	moderat	moderat	overskya

Kart 8. Nedbørsfelt til Sleipa og Framfjordvassdraget



**Sleipa**

Vassdragsnr. 070.51Z

Nedbørsfelt: 23,4 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 1,6 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Arnafjord**

Foto dato: 03.04.2008

Koordinatar, UTM: 35653 676662

Botnforhold: Faste steinar, mosedekket ca. 20 %

Tabell 3.1.15 Artar funne i **Sleipa**

Lokalitet: Arnafjord

<b>Ephemeroptera</b>	
Baëtis rhodani	75
Baëtis subalpinus	6
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	4
Amphinemura sulcicollis	64
Brachyptera risi	119
Diura nanseni	7
Isoperla obscura	3
Leuctra fusca	3
Leuctra hippopus	19
Nemoura sp.	1
Protonemura meyeri	22
Siphonoperla burmeisteri	1
<b>Trichoptera</b>	
Halesus digitatus	1
Potamophylax latipennis	1
Rhyacophila nubila	21
Tot. tal individ	
	350
Tot. tal EPT-taxa	
	16
Raddums forsuringindeksar	
R1	1
R2	0,80

Forsuringstatus: God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	moderat	stor	overskya
19.07.2007	god	lita	lettskya
03.04.2008	god	lita	fint ver
19.08.2008	god	moderat	sol

**Framfjordvassdraget** Vassdr.nr. 070.5B1Z

Kart 8

Nedbørsfelt: 107 km<sup>2</sup>Vassføring, gj.snitt i 30 år: 8,0 m<sup>3</sup>/sLokalitet: **Framfjord**

Foto dato: 03.04.2008

Koordinatar, UTM: 36014 676576

Botnforhold: Sand, grus, rullestein, mosedekket ca. 20 %

Tabell 3.1.16. Artar funne i **Framfjordvassdraget**


Lokalitet: Framfjorden

<b>Ephemeroptera</b>	
Ameletus inopinatus	1
Baëtis muticus	2
Baëtis rhodani	192
Baëtis subalpinus	13
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	3
Amphinemura sulcicollis	29
Brachyptera risi	208
Capnia atra	5
Diura nanseni	2
Isoperla obscura	3
Leuctra fusca	9
Leuctra hippopus	2
Nemoura cinerea	3
Protonemura meyeri	10
Siphonoperla burmeisteri	7
<b>Trichoptera</b>	
Halseus digitatus	2
Rhyacophila nubila	25
Tot. tal individ	516
Tot. tal EPT-taxa	17
Raddums forsøringsindeksar	R1 1
	R2 1,18

Forsøringsstatus: Svært god .

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	god	stor	overskya
19.07.2007	svært god	moderat	lettskya
03.04.2008	svært god	moderat	fint ver
19.08.2008	svært god	moderat	sol

Kart 9. Nedbørsfelt til Feioselva og Fresvikelva



**Feioselva**

Vassdragsnr. 071.1Z.

Nedbørsfelt: 76 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 4,1 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Feios**

Foto dato: 03.04.2008

Koordinatar, UTM: 37897 678132

Botnforhold: store faste steinar, mosedekket 0-5 %

Tabell 3.1.17. Artar funne i **Feioselva**

Lokalitet: Feios

**Ephemeroptera**

Baëtis rhodani	133
Baëtis subalpinus	10

**Plecoptera**

Amphinemura sulcicollis	47
Brachyptera risi	275
Capnia pygmaea	4
Diura nanseni	3
Isoperla grammatica	2
Isoperla obscura	9
Leuctra fusca	23
Leuctra hippopus	2
Nemoura cinerea	1
Protonemura meyeri	12

**Trichoptera**

Chaetopteryx villosa	1
Rhyacophila nubila	18

Tot. tal individ	540
------------------	-----

Tot. tal EPT-taxa	14
-------------------	----

Raddums forsuringssindeksar	R1	1
	R2	0,85

Forsuringssstatus: God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	dårleg	moderat	overskya
19.07.2007	svært dårleg	stor	lettsky
03.04.2008	dårleg	moderat	sol
19.08.2008	dårleg	moderat	sol

**Fresvikelva** Vassdragsnr. 071.2Z. Kart 9  
 Nedbørsfelt: 63,5 km<sup>2</sup>  
 Vassføring, gj.snitt i 30 år: 3,2 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Fresvik**  
 Foto dato: 03.04.2008  
 Koordinatar, UTM: 38825 677267  
 Botnforhold: Rullestein 10-50 cm, mosedekket 0-5 %

Tabell 3.1.18. Artar funne i **Fresvik-**  
**vassdraget**

Lokalitet: Fresvik


<b>Ephemeroptera</b>	
Ameletus inopinatus	1
Baëtis rhodani	117
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	1
Amphinemura standfussi	1
Amphinemura sulcicollis	2
Brachyptera risi	382
Capnia pygmaea	3
Diura nanseni	4
Isoperla obscura	4
Leuctra fusca	30
Leuctra hippopus	27
Nemoura cinerea	6
Protonemura meyeri	2
<b>Trichoptera</b>	
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	44
Tot. tal individ	
	625
Tot. tal EPT-taxa	
	15
Raddums forsuringindeksar	
R1	1
R2	0,75

Forsuringstatus: Moderat, men på grensa til God .

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	moderat	stor	overskya
19.07.2007	moderat	stor/ minkande	lettsky
03.04.2008	god	moderat	sol
19.08.2008	god	moderat	sol, svart botn etter jordras




Kart 10. Nedbørstfeltet til Nærøydalselva



**Nærøydalselva** Vassdragsnr. 071.Z

Nedbørsfelt: 288 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 15,5 m<sup>3</sup>/s.



Lokalitet: **Skjerpi**

Foto dato: 23.05.2007

Koordinatar, UTM: 38174 674997

Botnforhold: Rullestein 0-50 cm, mosedekket 0 %


Tabell 3.1.19 Artar funne i Nærøydalselva  
Lokalitet: Skjerpi

<b>Ephemeroptera</b>	
Ameletus inopinatus	6
Baëtis fuscatus	5
Baëtis rhodani	203
Baëtis subalpinus	1
Ephemerella aurivilli	26
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	1
Amphinemura sulcicollis	75
Brachyptera risi	27
Capnia atra	23
Diura nanseni	4
Isoperla obscura	1
Leuctra fusca	11
Leuctra hippopus	5
Protonemura meyeri	33
Taeniopteryx nebulosa	1
<b>Trichoptera</b>	
Apatania muliebris	1
Chaetopteryx villosa	3
Glossosoma intermedium	5
Halesus sp.	2
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	28
Tot. tal individ	462
Tot. tal EPT-taxa	21
Raddums forsøringsindeksar	R1 1
	R2 1,62

Forsøringsstatus: Svært god.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	svært god	moderat/stor	lettsky
19.07.2007	svært god	lita	lettsky
04.04.2008	svært god	moderat	lett regn
19.08.2008	svært god	lita	sol

Kart 11. Nedbørsfeltet for Fronløla (Undredalselva)



**Fronløla** (Undredalselva) Vassdragsnr. 072.1Z  
 Nedbørsfelt: 92 km<sup>2</sup>  
 Vassføring, gj.snitt i 30 år: 4,6 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Undredal**  
 Foto dato: 04.04.2008  
 Koordinatar, UTM: 39737 675877  
 Botnforhold: store faste steinar, mosedekket 0-5 %

Tabell 3.1.20 Artar funne i **Fronløla**  
 Lokalitet: Undredal

<b>Ephemeroptera</b>	
Ameletus inopinatus	2
Baëtis rhodani	118
Baëtis subalpinus	1
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	1
Amphinemura standfussi	3
Amphinemura sulcicollis	39
Brachyptera risi	301
Capnia pygmaea	17
Diura nanseni	5
Isoperla obscura	2
Leuctra fusca	6
Leuctra hippopus	15
Nemoura cinerea	3
Nemurella pictetii	2
Protonemura meyeri	7
<b>Trichoptera</b>	
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	21
Tot. tal individ	544
Tot. tal EPT-taxa	17
Raddums forsuringindeksar	R1 1
	R2 0,79

Forsuringstatus: God .

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	moderat	moderat/ stor	overskya, brune steinar, alge
19.07.2007	svært dårleg	stor/ flom	lettsky
04.04.2008	moderat	moderat	lettregn
19.08.2008	moderat	moderat/ stor	sol

Kart 12. Nedbørsfeltet til Flåmselva



**Flåmselva**

Vassdragsnr. 072.2Z

Nedbørsfelt: 281 km<sup>2</sup>

Vassføring gj.snitt i 30 år: 17 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Flåm**

Foto dato: 04.04.2008

Koordinatar, UTM: 39715 674871

Botnforhold: Rullestein 0-30 cm, mosedekket ca. 5 %

Tabell 3.1.21. Artar funne i **Flåmselva**


Lokalitet: Flåm

<b>Ephemeroptera</b>		
Ameletus inopinatus	6	
Baëtis rhodani	85	
Ephemerella aurivilli	83	
<b>Plecoptera</b>		
Amphinemura borealis	44	
Amphinemura standfussi	1	
Amphinemura sulcicollis	87	
Brachyptera risi	12	
Capnia atra	38	
Capnia pygmaea	2	
Diura nanseni	17	
Isoperla obscura	3	
Leuctra fusca	13	
Leuctra hippopus	18	
Protonemura meyeri	6	
Siphonoperla burmeisteri	2	
Taeniopteryx nebulosa	2	
<b>Trichoptera</b>		
Apatania muliebris	11	
Halesus digitatus	5	
Halesus radiatus	7	
Potamophylax cingulatus	2	
Rhyacophila nubila	36	
Tot. tal individ	480	
Tot. tal EPT-taxa	21	
Raddums forsøringsindeksar	R1	1
	R2	0,85

Forsøringsstatus: God.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	god	moderat/ stor	overskya
19.07.2007	dårleg	stor/ flom	lettskya
04.04.2008	svært god	moderat	lett regn
19.08.2008	god	stor	fint ver

Kart 13. Nedbørsfeltet til Aurlandselva



**Aurlandelva**

Vassdragsnr. 072.Z

Nedbørsfelt: 814 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 37 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Lunde**

Foto dato: 04.04.2008

Koordinatar, UTM: 40267 675292

Botnforhold: stein 10-50 cm, mosedekket ca 50- 60%

Tabell 3.1.22 Artar funne i **Aurlandselva**

Lokalitet: Lunde

**Ephemeroptera**

Baëtis rhodani	134
Ephemerella aurivilli	83

**Plecoptera**

Amphinemura borealis	18
Amphinemura standfussi	3
Amphinemura sulcicollis	23
Brachyptera risi	1
Diura nanseni	12
Leuctra fusca	11
Leuctra hippopus	3
Protonemura meyeri	3

**Trichoptera**

Apatania muliebris	2
Halesus digitatus	1
Halesus radiatus	4
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	14

Tot. tal individ	313
------------------	-----


Tot. tal EPT-taxa	15
-------------------	----

Raddums forsuringindeksar	R1	1
	R2	2,3

Forsuringstatus: Svært god.

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
23.05.2007	dårleg	stor	regnbyer
19.07.2007	dårleg	stor	lettskya
04.04.2008	moderat	moderat/ stor	litt yr
19.08.2008	dårleg	svært stor	lettskya

Kart 14. Nedbørsfeltet til Erdalselva



**Erdalselva**

Vassdragsnr. 073.2Z

Nedbørsfelt: 138 km<sup>2</sup>

Vassføring, gj.snitt i 30 år: 5,2 m<sup>3</sup>/s



Lokalitet: **Erdal**

Foto dato: 04.04.2008

Koordinatar, UTM: 41494 677527

Botnforhold: Store faste steinar, mosedekket ca. 20 %

Tabell 3.1.23 Artar funne i **Erdalselva**


Lokalitet: Erdal



<b>Ephemeroptera</b>	
Ameletus inopinatus	8
Baëtis rhodani	235
Baëtis subalpinus	9
<b>Plecoptera</b>	
Amphinemura borealis	5
Amphinemura standfussi	2
Amphinemura sulcicollis	114
Brachyptera risi	126
Capnia atra	4
Capnia pygmaea	2
Diura nanseni	4
Isoperla obscura	8
Leuctra fusca	8
Leuctra hippopus	22
Nemoura cinerea	2
Protonemura meyeri	89
Taeniopteryx nebulosa	3
<b>Trichoptera</b>	
Potamophylax cingulatus	1
Rhyacophila nubila	32
Tot. tal individ	
	674
Tot. tal EPT-taxa	
	18
Raddums forsuringindeksar	R1 1
	R2 1,10

Forsuringstatus: Svært god .

Dato	Prøvetakingsforhold	Vassføring	Anna
22.05.2007	svært dårleg	stor	overskya
19.07.2007	svært dårleg	stor	lettskya
04.04.2008	dårleg	moderat	lett regn

Kart 15. Nedbørsfeltet til Lærdalsvassdraget



